



Saftig vekst for sognebær

GIØR SUSEN: Sogn og Fjordane har passert Hordaland som frukt- og bærfylke. Først og fremst takka vere satsinga på bringebær og moreller.

Sogn og Fjordane er blitt landets største frukt- og bærfylke. Bringebær er mykje av forklaringa.

PER MARIFJÆREN
per.marifjaeren@bt.no

Hordaland har tradisjonelt vore eit langt større frukt- og bærfylke enn naboen i nord, men sidan 2010 er bildet annleis.

– Endringane skuldast først og fremst den tunge satsinga på bringebær og moreller i Sogn og Fjordane, seier Stein Harald Hjeltnes i Njøs Næringsutvikling AS.

Eksplosivt i bringebær

Som reint fruktflykke er Hordaland framleis nummer ein. Men dei blir slått straks bærpasjonen kjem inn i rekneskjekket.

Hjeltnes har rekna ut omsetninga i dei to fylka basert på dei ferskaste tilgjengelege tala frå Norsk Landbruksforvaltning. Desse er frå 2010, og dette var året då Sogn og Fjordane for første gong passerte Hordaland. Og alt tyder på at sogn og fjordane berre har drege frå etter dette.

fakta

pengar i frukt og bær

- Omsetnadstala baserer seg på produksjonstal innrapportert til Statens Landbruksforvaltning i 2010, og gjennomsnittsfløye prisnoteringar for perioden.
- Dei viktigaste frukt- og bærslagene i dei to vestlandsfylka er eple, bringebær, plommer, jordbær og moreller.
- Hordaland er størst på eple med sine 3000 tonn innmeldt og 38,6 millionar kroner i omsetnad (Sogn og Fjordane: 711 tonn/9,2 millionar kroner). Sogn og Fjordane er størst på bringebær med 1275 tonn innmeldt og 46,5 millionar kroner i omsetnad. (Hordaland: 9,7 tonn/750.000 kroner).



– Svært mykje av forklaringa ligg i satsinga på bringebær i Sogn og Fjordane. Bransjen hadde aldri oppnådd slike tal utan den eksplosive auken i levering til konsum, hovudsakleg gjennom Bama-systemet, seier Hjeltnes.

Eple mot bringebær

Frukt og bærdyrkarane i Sogn og Fjordane selde i 2010 for totalt 74 millionar kroner, medan tilsvarende tal for Hordaland er 61 millionar.

På epleproduksjon er hordalandsdyrkaranane meir enn fire gonger større enn naboane, og er også klart størst på plommer. Nord for fylkesgrensa tek sogningane og fjordingane meir enn inn at det tapte med sin stigande omsetnad av bringebær, moreller og jordbær.

– Dyrkarane i Sogn og Fjordane har vore flinke til å organisere seg, dei har jobba godt saman, og satsa på kvalitet og sortar som giv god inntening, seier Hjeltnes.

Skal vekse vidare

Også på moreller vart Hardanger og Hordaland lillebror i 2010. Morellyrkingsa i Sogn

foregår i Lærdal, der dei leverte 126 tonn dette året mot hardingane sine 113 tonn.

Og etter eit heller svakt morellår i 2011, melder produsentane i Lærdal om rekordproduksjon på 180 tonn i år.

– I 2010 var vi største fylket i landet med ein omsetnad på 74 millionar kroner. Eg tippar vi passerer 100 millionar no i 2012, og målet er 120 millionar innan 2015, seier Stein Harald Hjeltnes.

Rådgjevar Endre Bjøtveit i Norsk Landbruksrådgivning i Ullensvang trur at Hjeltnes' utrekningar gjev ei realt bilet av omsetnadstala innan frukt og bær for dei to fylka.

– Den store endringa er sat singa på bringebær til konsum, som giv dyrkarane langt bedre prisar enn tidlegare, seier han. – Dette har sogningane vore flinke til. Dei har også framgang på moreller, medan det faktisk har gått tilbake i Hardanger.

Treng fornying

– Kva bør hardingane gjøre for

å få høgare omsetnad og bedre inntening på sin dyrking?

– Ein bør nok vurdere å satse meir på bær, der det finst areal til det. Men det er også mogeleg å gjere tiltak i etablerte fruktområde.

– Korleis?

– Ved å til dømes skifte ut eldre frukttrær og felt som er komme over toppen. Det gjeld mange felt, og slik har det vore for lenge enkelte stader, seier

Bjøtveit. – Dei dyrkarane som faktisk har gjort dette, er svært nögde med resultatet. Så vi treng nok å fornye ein del av produksjonen her i Hardanger, og dyrkarane må planlegge desse overgangane godt på forehand.

Men heilvert er situasjonen ikkje.

– Ein sentral aktør som Bama har signalisert at dei ønskjer meir av stort sett alt innan frukt og bær. For dyrkarane er det ein triveleg situasjon å vere i.

Dyrkarane i Sogn og Fjordane har vore flinke

STEIN HARALD HJELTNES

To millioner for rømt laks

TRONDHEIM: Aktoratet har trukket anken mot lakseoppdrettsselskapet SalMar etter at 175.000 laks rømte utenfor Hitra. Boten på millioner kroner er dermed rettskraftig. SalMar ble opprinnelig tilagt et forelegg på 4 millioner kroner etter at 175.000 laks rømte fra et anlegg utenfor Hitra i februar i fjor. Da selskapet ikke vedtok forelegget, havnet saken i retten. Fosen tingrett halverte boten til to millioner kroner og denne dommen blir ikke anket. NTB

Oljefelt døpes Ivar Aasen

TRONDHEIM: Olje- og gassfunnet Draupne blir døpt Ivar Aasen. En hedrer både til nynorskens far og norsk oljenæring, mener olje- og energiminister Ola Borten Moe (Sp). Det er i tråd med den nye navnepraksisen for oljefelter, som Borten Moe har ivret for helt siden han ble olje- og energiminister i mars i fjor. – Det må bli slutt på at feltene får Harry Potter-navn, sa han da. I stedet skal de få navn etter viktige historiske personer som har hatt betydning for utviklingen av folkestyret, etter nasjonale strateger. NTB

HYTTETUR I HAUSTFJELLET?
BESØK HARDANGERVİDDA OG TURISTHYTTA HALLINGSKEID

**Temahelg om astronomi.
14.-16. september**

Start turen på www.bergen-turlag.no

Naturopplevelser for livet Bergen Turlag

© SVEN ULWUND © STOCKPHOTO

